

## NRK MØRE OG ROMSDAL

Nordmøre

Romsdal

Sunnmøre

Val 2007

Sport

Program

RSS

Nyheitsbrev

## Nettradio og -TV

P1 Møre og Romsdal

TV-nyheiter

Radionyheiter og program

Om Nettradio og -TV

## VÊRET

I morgon kl. 13:

Kristia... 8°

Molde 6°

Ålesund 10°

Sunndal... 6°

Tafjord 8°

Åndalsnes 6°

Langtidsvêr for 500 stader i Noreg og Norden

# Manglar tekniske teiknarar

Trappeprodusenten Brødrene Midthaug på Kleive i Molde er uroa over at det blir utdanna for få tekniske teiknarar.



Brødrene Midthaug, Kleive

Foto: Brødrene Midthaug

## SISTE: MØRE OG ROMSDAL

Bekkemellem tar oppgjør med Ap

Klubbane aukar budsjetta

Leie av vegarbeid

Manglar tekniske teiknarar

Likkister gjennom fellesrom

Forfulgt av uhell

Hjemmesoning med fotlenke

Investerer stort

Kolliderte under biljakt

- Har ingen svar

Av Aina Rødal og Odd Sørås

Publisert i dag 06:31 Oppdatert i dag 11:18

Regjeringa har bestemt at denne utdanninga berre skal gjevast ved tekniske fagskular og i ingeniørutdanning på høgskular. I dag kan også vidaregåande skular gje eit slikt tilbod.

## Stort behov



Karsten O. Midthaug

Privat foto

Administrerande direktør Karsten O. Midthaug seier at slik marknaden er i dag, greier dei langt frå å tilfredsstillе etterspørselen. - Vi kunne tilsett 3-4 nye tekniske teiknarar straks, men dei finst ikkje. Romsdal vidaregåande skole i Molde har utdanna tekniske teiknarar i lang tid. At dette tilbodet no på sett og vis er tvangsnedlagt, synest vi ikkje noko om, seier Midthaug.

-Tekniske teiknarar trengst i vareproduserande industri, i skip, offshore, bygg og anlegg. Å fjerne denne utdanninga frå den vidaregåande skulen er ikkje forankra i næringslivets behov og er eit feilgrep i ei tid då det er rift om teiknarane, seier han. Brødrene Midthaug har laga eit lågare budsjett for 2008 enn dei ønskjer på grunn av problema med å skaffe kvalifisert arbeidskraft.

## Skulen blir fattigare

Rektor Bjørn Johannessen ved Romsdal vidaregåande skole synest også det er synd at tilbodet forsvinn frå neste skuleår. - Skulen blir fattigare og vi misser kompetanse som det blir vanskeleg å få tilbake dersom vi skulle starte på ny seinare. Det verste er at vi no ikkje kan tilfredsstillе behovet for fagfolk i industrien vår, seier Johannessen.



## KONTAKT

Postadresse: NRK Møre og Romsdal, 6025 Ålesund

Telefon: 70115200

E-post: mr@nrk.no